



## Direktoratet for mineralforvaltning

med Bergmeisteren for Svalbard

Kopi til:

Hordaland fylkeskommune  
Postboks 7900  
5020 BERGEN

Dato: 10.09.2018  
Vår ref: 16/01700-4  
Deres ref:

### Fråsegn til offentleg ettersyn og høyring for kommuneplanen sin arealdel 2018–2030 for Masfjorden kommune

Leiv Erikssons vei 39  
Postboks 3021 Lade  
N-7441 Trondheim

**TELEFON** + 47 73 90 46 00

**E-POST** mail@dirmin.no

**WEB** www.dirmin.no

**GIRO** 7694.05.05883

**SWIFT** DNBANOKK

**IBAN** NO5376940505883

**ORG.NR.** NO 974 760 282

**SVALBARDKONTOR**

**TELEFON** +47 79 02 12 92

Direktoratet for mineralforvaltning med Bergmeisteren for Svalbard (DMF) viser til fråsegn til varsel om oppstart, datert 21. november 2016, og ovannemnde sak, datert 12. juli 2018.

DMF er statens sentrale fagmyndighet ved forvaltning og utnytting av mineralske ressursar, og har eit særleg ansvar for at mineralressursar blir teke omsyn til i plansakar.

#### Om plana

Masfjordens kommuneplanen sin arealdel 2018 – 2030 er lagt ut til offentleg høyring og ettersyn.

#### Fråsegn

DMF registrerer at kommunen ikkje har følgt vår oppmoding om å gjere ein vurdering av ressurssituasjonen og behovet for mineralske ressursar i arbeidet med kommuneplanens arealdel for Masfjorden kommune. DMF minn om at mineralressursar er ikkje-fornybare ressursar som må nyttast der dei finst naturleg, og anbefaler derfor at kommunen no legg omsynssone over desse ressursane, jfr. Rundskriv «Ikkrafttredelse av endringer i plan- og bygningsloven og matrikkellova» datert 30. juni 2017, ny omsynssone for mineralressursar (§ 11-8):

*«Endringen åpner for at kommunene gjennom sin planlegging kan synliggjøre mineralressursers som kan være aktuelle for fremtidig utvinning, og gi retningslinjer om begrensninger av virksomhet og vilkår for tiltak for å ivareta denne interessen. Hensikten er å unngå utbygging eller tiltak som kan vanskeliggjøre senere utvinning av mineralske ressurser.»*

DMF ser positivt på at kommunen harteke inn referanse til Noregs Geologiske Undersøking (NGU) under naturressursar i konsekvensutgreiing av nye arealformål. Vi ber om at dette vidareførast i kommunens planarbeid, og at ein presiserer at utgreiinga gjeld mineralske førekomstar.

DMF oppmodar kommunen til å leggje ein arealstrategi i neste planperiode som inneber kartlegging av ressurstilgang og behov for mineralressursar, kommunalt og



regionalt. Kommunen har mange førekommstar av sand, grus og pukk, og ved fleire av desse førekommstane er det byrja på uttak av massar. DMF ber kommunen om å prioritere desse områda når det blir behov for byggeråstoff for å utnytte heile førekomsten før ein opnar nye uttak.

For nærmare informasjon om minerallova med tilhøyrande forskrifter, sjå heimesida vår på [www.dirmin.no](http://www.dirmin.no).

Med helsing

Dragana Beric Skjøstad  
sekjonsleder

Åshild Grønlien Østmoe  
seniorrådgiver

*Dokumentet er elektronisk signert og har difor ikkje handskrivne signaturar.  
Sakshandsamar: Åshild Grønlien Østmoe*

Mottakarar:

Masfjorden kommune                      Austfjordvegen 2724                      5981 MASFJORDNES

Kopi til:

Hordaland fylkeskommune                      Postboks 7900                      5020 BERGEN